



MØTEPROTOKOLL

Utval: Forvaltningsutvalet
Møtestad: Voldsfjorden i 1. etg., Rådhuset
Dato: 14.03.2017
Tid: 13:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Magnar Sunde	Leiar	AP
Øyvind Festø	Nestleiar	MDG
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Erlend Koppen	Medlem	KRF

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lina Marie Bjørkedal	Medlem	SP
Magny Astrid Fylling	Medlem	KRF
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Åshild Vik	Medlem	SV

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Milan Ilic	Åshild Vik	AP
Annlaug Stokke	Lina Marie Bjørkedal	MDG
Einar Børtveit	Magny Astrid Fylling	KRF
Elin Mari Løvøy	Sindre Kvangarsnes	FRP
Wilhelmsen		
Petter Espe	Sindre Rotevatn	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef
Per Heltne	Fagansvarleg plan
Liv Bente Viddal	Seksjonsleiar landbrukskontoret Ørsta Volda
Børild Skåra	Rådgevar landbrukskontoret Ørsta Volda



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 16/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 17/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 18/17	1519 Gbr 21/1 - søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom - Øyvind Pål Eidså
PS 19/17	Gbr 10/6 Deling og oppmålingsforretning, Dispensasjon i høve til jordlova
PS 20/17	Søknad om dispensasjon frå plankrav, gbr. 109/11 på Folkestadsætra
PS 21/17	Gbr 2/2 - frådeling av bebygd hyttetomt - dispensasjon frå plan
PS 23/17	Gbr 30/1 Deling og oppmålingsforretning. Dispensasjon frå plankrav
PS 22/17	ORIENTERINGSSAK
OS 2/17	Ettersøksavtale for 2017 og 2018, Volda - melding om vedtak

Det var ni røysteføre til stades i møtet.

PS 16/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling

Røysting:

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

Sakliste

Leiaren kom med framlegg om å setje fylgjande sak på saklista:

Gbr 30/1 deling og oppmålingsforretning – dispensasjon frå plan

Røysting:

Saklista med tillegget frå leiaren vart samrøystes godkjent.



PS 17/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå førre møte den 07.02.2017 vart samrøystes godkjent.

PS 18/17 1519 Gbr 21/1 - søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom - Øyvind Pål Eidså

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 14.03.2017

Forvaltningsutvalet viser til søknad datert 25.11.16, om konsesjon på gnr. 21 bnr. 1 i Volda kommune. Forvaltningsutvalet viser til saksutgreiinga og konsesjonslova § 1, 9 og 11, og gir konsesjon til Øyvind Pål Eidså fødd 27.09.59, slik det er søkt om.

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret viser til søknad datert 25.11.16, om konsesjon på gnr. 21 bnr. 1 i Volda kommune. Forvaltningsstyret viser til saksutgreiinga og konsesjonslova § 1, 9 og 11, og gir konsesjon til Øyvind Pål Eidså fødd 27.09.59, slik det er søkt om.

PS 19/17 Gbr 10/6 Deling og oppmålingsforretning, Dispensasjon i høve til jordlova

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 14.03.2017

Forvaltningsutvalet syner til søknad dagsett 24.08.2016, frå Bjørn Sindre Ytrestøyl. Det vert søkt om deling av bustadtomt på 1.082 m² frå gnr 10 bnr 6. Med heimel i jordlova § 12 gir Forvaltningsutvalet løyve til frådeling slik det er søkt om. Grunngevinga er at delinga vert vurdert å ikkje svekkje ressursane til eigedomen vesentleg og ikkje føre til driftsmessige ulemper for landbruksdrift på eigedomen.



VOLDA KOMMUNE

Delinga endrar ikkje dei rettar og plikter som ligg til bnr 6 og bnr 9, om turvande tilkomst over bnr 6 for å kome til skogteig på bnr 9.

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet syner til søknad dagsett 24.08.2016, frå Bjørn Sindre Ytrestøyl. Det vert søkt om deling av bustadtomt på 1.082 m² frå gnr 10 bnr 6.

Med heimel i jordlova § 12 gir Forvaltningsutvalet løyve til frådelling slik det er søkt om.

Grunngjevinga er at delinga vert vurdert å ikkje svekkje ressursane til eigedomen vesentleg og ikkje føre til driftsmessige ulemper for landbruksdrift på eigedomen.

Delinga endrar ikkje dei rettar og plikter som ligg til bnr 6 og bnr 9, om turvande tilkomst over bnr 6 for å kome til skogteig på bnr 9.

PS 20/17 Søknad om dispensasjon frå plankrav, gbr. 109/11 på Folkestadsætra

Handsaming:

Einar Børtveit, Krf, kom med fylgjande alternativt framlegg:

Med heimel i plan- og bygningslova §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plankrava i kommunedelplan H5, slik at Erling Brenne får byggje omsøkte avkøyrsløse frå Blåffjellsvegen med parkeringsplass for ein bil og veg opp til hytta si.

Vegen skal utformast slik at han går mest mogeleg i eitt med naturen. Byggemateriale skal vere av stein, pukk og grus. Støttemurar i betong må unngåast. Skråskjeringar skal i størst mogeleg grad dekkast av vegetasjon naturleg for området.

Kommunen kan klausulere dispensasjonen slik at tilknyttinga kan verte kravd lagt til framtidig fellesveg som fylgje av framtidig reguleringsplan, dersom ei slik tilknytting vil gi betre tilkomst til hytta.

Grunngjeving:

Med omsyn til tøming av tank bør det byggjast veg fram til hytta.

Det er betre å parkere bilen på ein parkeringsplass ved sidan av vegen enn å parkere han på vegkanten der han kan vere til sjenanse for andre vegfarande.

Hyttetomten er frådelt i 1987, hytta er bygd i 1998-99. Kommunedelplanen for området vart vedteken 19.06.2008. Forvaltningsutvalet finn det ikkje rett at kommunedelplan H5 som vart vedteken 10 år etter at hytta vart bygd, skal vere eit hinder for at hytta kan få vegtilkomst frå Blåffjellsvegen, ettersom det har vore føresetnaden frå først av at veg skulle byggjast.



VOLDA KOMMUNE

Uansett framtidig regulering er det sannsynleg at hytta si tilkomst til veg vil vere direkte frå Blåffjellsvegen. Omsynet til bestemmelsen det vert dispensert frå, vert difor ikkje sett vesentleg til side.

Det er uvisst kva tid ein reguleringsplan for området vil verte vedteken, og endå meir uvisst kva tid opparbeiding av nye vegar vil ta til. Det er urimeleg å forvente at hytteeigar skal måtte vente på dette i uvisst antal år.

Forvaltningsutvalet finn etter ei samla vurdering at fordelane med å få bygd omsøkte parkeringsplass og veg er langt større enn ulempene, og gjev difor dispensasjon frå plankrava i kommunedelplanen.

Petter Espe, H, kom med fylgjande alternativt framlegg:

Forvaltningsutvalet gir med heimel i plan- og bygningslova, §19-2 dispensasjon frå reguleringsformålet i kommunedelplan Folkestad

Forvaltningsutvalet finn at omsynet bak bestemmelsen i kommunedelplanen ikkje vert vesentleg sett til side.

Fordelane ved dispensasjon vil vere vesentleg større enn ulempene.

Omsøkt tiltak er ein kort veg over opa grøft. Der er i dag veg og parkeringsplass ved dei fleste hytter langs Blåffjellsvegen.

Tiltakshavar har tinglyst rett til veg og parkeringsplass.

Einar Børtveit og Petter Espe samordna sine framlegg og kom med fylgjande fellesframlegg:

- 1. Forvaltningsutvalet gir med heimel i plan- og bygningslova, §19-2 dispensasjon frå reguleringsformålet i kommunedelplan Folkestad
Forvaltningsutvalet finn at omsynet bak bestemmelsen i kommunedelplanen ikkje vert vesentleg sett til side.
Fordelane ved dispensasjon vil vere vesentleg større enn ulempene.
Omsøkt tiltak er ein kort veg over opa grøft. Der er i dag veg og parkeringsplass ved dei fleste hytter langs Blåffjellsvegen.
Tiltakshavar har tinglyst rett til veg og parkeringsplass.*
- 2. Vegen skal utformast slik at han går mest mogeleg i eitt med naturen. Byggemateriale skal vere av stein, pukk og grus. Støttemurar i betong må unngåast. Skråskjeringar skal i størst mogeleg grad dekkast av vegetasjon naturleg for området.*
- 3. Kommunen kan klausulere dispensasjonen slik at tilknytinga kan verte kravd lagt til framtidig fellesveg som fylgje av framtidig reguleringsplan, dersom ei slik tilknyting vil gi betre tilkomst til hytta.*



VOLDA KOMMUNE

Røysting:

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå administrasjonen og fellesframlegget frå Børtveit/Espe, fekk fellesframlegget fem røyster og vart vedteke. Tilrådinga frå administrasjonen fekk fire røyster og fall (Sunde, Festø, Trovåg og Stokke).

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 14.03.2017

- 1. Forvaltningsutvalet gir med heimel i plan- og bygningslova, §19-2 dispensasjon frå reguleringsformålet i kommunedelplan Folkestad
Forvaltningsutvalet finn at omsynet bak bestemmelsen i kommunedelplanen ikkje vert vesentleg sett til side.
Fordelane ved dispensasjon vil vere vesentleg større enn ulempene.
Omsøkt tiltak er ein kort veg over opa grøft. Der er i dag veg og parkeringsplass ved dei fleste hytter langs Blåfjellsvegen.
Tiltakshavar har tinglyst rett til veg og parkeringsplass.*
- 2. Vegen skal utformast slik at han går mest mogeleg i eitt med naturen. Byggemateriale skal vere av stein, pukk og grus. Støttemurar i betong må unngåast. Skråskjeringar skal i størst mogeleg grad dekkast av vegetasjon naturleg for området.*
- 3. Kommunen kan klausulere dispensasjonen slik at tilknytinga kan verte kravd lagt til framtidig fellesveg som fylgje av framtidig reguleringsplan, dersom ei slik tilknyting vil gi betre tilkomst til hytta.*

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2, gir ikkje Forvaltningsutvalet dispensasjon frå plankravet i kommunedelplan for Folkestad.

PS 21/17 Gbr 2/2 - frådeling av bebygd hyttetomt - dispensasjon frå plan

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 14.03.2017

- 1. Med heimel i plan og bygningslova §19-2 vert det gitt dispensasjon frå gjeldande arealbruk i kommuneplan og tilhøyrande plankrav, for frådeling av eksisterande bebygd hyttetomt frå gnr 2.bnr 2, i samsvar med søknad datert 15/7.2016, og på fylgjande vilkår:*
- 2. Tomta skal avgrensast med ei sone på min. 20 m mot sjøen.*



VOLDA KOMMUNE

3. *Det skal avsettast ein korridor på hovudbruket med breidde min. 5m mot grensa til eigedomen 2/34 og 2/3 som sikrar tilgang til strandsona frå eksisterande (og ev ny) hytteveg langs nordgrensa av tomta.*
4. *Det skal før deling sikrast rett til etablering av biloppstillingsplass og veg til tomta på same side av Fylkesvegen som der tomta ligg, ved sambruk av allereie etablert veg på 2/3 (tilkomst også til 2/34) eller veg parallelt med denne slik at felles avkøyrsløp mot Fylkesvegen kan nyttast.*
5. *Ved deling skal det sikrast grunnlag for framtidig framføring av vassleidning til eigedomen, rett til framføring av avlaupsleidningar og rett til veg med slik standard at den kan nyttast ved tøming av framtidige utsleppsordningar for eigedomen over hovudbruket.*

Administrasjonen si tilråding:

1. *Med heimel i plan og bygningslova §19-2 vert det gitt dispensasjon frå gjeldande arealbruk i kommuneplan og tilhøyrande plankrav, for frådeling av eksisterande bebyggt hyttetomt frå gnr 2.bnr 2, i samsvar med søknad datert 15/7.2016, og på fylgjande vilkår:*
2. *Tomta skal avgrensast med ei sone på min. 20 m mot sjøen.*
3. *Det skal avsettast ein korridor på hovudbruket med breidde min. 5m mot grensa til eigedomen 2/34 og 2/3 som sikrar tilgang til strandsona frå eksisterande (og ev ny) hytteveg langs nordgrensa av tomta.*
4. *Det skal før deling sikrast rett til etablering av biloppstillingsplass og veg til tomta på same side av Fylkesvegen som der tomta ligg, ved sambruk av allereie etablert veg på 2/3 (tilkomst også til 2/34) eller veg parallelt med denne slik at felles avkøyrsløp mot Fylkesvegen kan nyttast.*
5. *Ved deling skal det sikrast grunnlag for framtidig framføring av vassleidning til eigedomen, rett til framføring av avlaupsleidningar og rett til veg med slik standard at den kan nyttast ved tøming av framtidige utsleppsordningar for eigedomen over hovudbruket.*

PS 23/17 Gbr 30/1 Deling og oppmålingsforretning. Dispensasjon frå plankrav

Handsaming:

Saka vart utdelt på møtet.

Øyvind Festø, MDG, kom med fylgjande framlegg:

Saka vert utsett til neste møte.

Røysting over utsettingsframlegget:

Framlegget frå Øyvind Festø vart samrøystes vedteke.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 14.03.2017

Saka vert utsett til neste møte.

Administrasjonen si tilråding:

Med grunnlag i gjeldande plan og intensjon i kommuneplan om å ivareta snarvegar i bustadområda, finn ein ikkje å kunne gje dispensasjon frå plan for deling av eigedom slik søkt om.

PS 22/17 Orienteringssaker

Handsaming:

Ingen hadde noko å merke til orienteringssaka.

OS 2/17 Ettersøksavtale for 2017 og 2018, Volda - melding om vedtak

Møtet slutt kl. 13:50.

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
14. mars 2017

Unni Strand
Skr.